

Liv og Thomas Bakkevigs fond til støtte for barne- og ungdomsarbeid i Vikebygd.

Dette fondet er nyopprett av Thomas og Liv Bakkevig i 2012 og skal ha sin første utdeling hausten 2012. Det kan årleg delast ut midlar til fylgjande:

Støtte til drift for etablerte lag og organisasjonar som driv arbeid for aldersgruppa 7-19 år i Vikebygd.

Støtta blir utbetalt etter medlemstal i aldersgruppa. I søknaden skal det ligge ved revidert rekneskap, inkludert balanse, samt medlemsliste.

Støtte til investeringar til etablerte lag og organisasjonar som driv arbeid for aldersgruppa 7-19 år i Vikebygd.

Det kan gjevast støtte for inntil halvparten av kostnaden for investeringar som ikkje er ein del av den daglege drifta.

Støtte til personar eller grupper som vil starta nytt arbeid for barn og unge i Vikebygd

Her er det ikkje nødvendig med tidlegare rekneskap eller etablert foreining, men ide og ynskje om å starte nytt barne eller ungdomsarbeid. Støtta på inntil 20.000 kroner er for å kome i gang og så seinare søka som etablert lag.

Søknad vert å senda til Liv og Thomas Bakkevigs fond for støtte til barne og ungdomsarbeid i Vikebygd, ved leiar i stiftelsesstyret Øyvind Valen, Trovåg, 5568 Vikebygd innan 1. september.